

## Regionalt nettverk for nyutdanna pedagogar og deira rettleiarar hausten 2025

**Stad:** HVL, Sogndal campus. **Rom:** Idun 1 + 2 i Bragebygget. Sjå kart her: [Bragebygget Idun 1, Bragebygget, Campus Sogndal - MazeMap](#)

**Tidspunkt:** **Torsdag 18.september 2025 kl 12.30-15.30**

**Lunsj:** Det blir servert enkel lunsj i klasserommet kl 12.30

**Deltakaravgift:** Nei, samlinga vert dekkja av regionale midlar

**Målgruppe:** Nyutdanna pedagogar frå barnehage, grunnskule, vidaregåande skular og vaksenopplæring i Sogn som vart ferdig utdanna i 2024 eller 2025 + lokale rettleiarar

Me er klare for ny runde med nettverksamling, og gler oss til å høyre korleis de opplever arbeidskvardagen som nyutdanna pedagogar i Sogn etter oppstarten av nytt barnehage- og skuleår. Nokre av dykk var deltakarar i fjor, medan nokre er heilt nye i nettverket. Evalueringa frå tidlegare år har vore tydeleg på at dei nyutdanna ønska meir av grupperettleiing, deling av erfaringar og drøfting i fellesskap. Det har me difor lagt til rette for. Også i år inviterer me rettleiarar slik at dei kan få jobbe saman med andre rettleiarar i Sogn. Om du er rettleiar utan å ha nyutdanna å rettleie dette året, er du likevel velkommen til samlinga for å bidra og få påfyll. Me kjem til å ha felles oppstart før me deler oss i grupper: barnehagelærarar, lærarar og rettleiarar kvar for seg.

### Program:

12.30- 13.00: Me et lunsj saman og minglar litt.

13.00- 13.45: Velkommen og kort informasjon om dagen v/ Ingrid Steine Bortne  
Kva er rettleiing? Viktige prinsipp for rettleiing v/ Evelyn Eggum  
Introduksjon til rettleiingsmodellen me skal bruke i dag v/ Dorteia Sekkingstad

13.45- 15.15: Rettleiing i grupper der me nyttar vedlagte rettleiingsmodell

- Barnehagelærarar
- Lærarar i grunnskule, vidaregåande skule og vaksenopplæring
- Rettleiarar

Gruppene legg inn ein pause i rettleiingsøkta når det høver best

15.15- 15.30: Me samlast i plenum for deling, evaluering og plan for vidare arbeid.

**Førebu deg til samlinga ved å lese gjennom vedlegget «Problemrettet veiledning i gruppe» etter modell frå Handal og Lauvås som me vil bruke som mal for rettleiingsøkta denne ettermiddagen.**

Målet er å bli kjend med andre nyutdanna pedagogar i Sogn, at me skaper eit fagleg og sosialt nettverk og får inspirasjon og fagleg påfyll i arbeidet som nyutdanna. Me håpar også at rettleiarane får utbytte av å treffe kvarandre og dele erfaringar frå rolla som rettleiarar, samt litt ny inspirasjon. Me håpar dette er noko du ynskjer å delta på – du er hjarteleg velkommen!

Ansvarleg for samlinga:

Ingrid Steine Bortne, programleiar [ingrid.steine.bortne@sogndal.kommune.no](mailto:ingrid.steine.bortne@sogndal.kommune.no) mob: 48 25 03 06.

**Påmeldingsfrist: Torsdag 11.september kl 23.00.** Meld frå om evt. allergiar i merknadsfeltet under påmeldinga.

Har du framlegg til tema eller noko du vil dele på samlinga er du hjarteleg velkommen til å ta kontakt!



Beste helsing frå

*Evelyn Eggum og Dorteia Sekkingstad*    *Ingrid Steine Bortne*

Kontaktpersonar for tiltaket

Programleiar barnehage- og skuleutvikling

«Ny som lærar på Vestlandet», HVL

Sognaregionen